

Vår saksbehandler
Ingalill Lien Kristiansen, + 47 57 82 80 00

Kommunar i Noreg

Tilleggstildeling av tilskot til frivilligsentralar

I revidert statsbudsjett for 2023 vart løyvinga til tilskotsordninga for frivilligsentralar auka med 23 116 000 kroner. Midlane skal fordelast likt på frivilligsentralane som fekk tilskot for driftsåret 2023. I tillegg skal midlar som vart haldt tilbake i samband med klagebehandling ved søknadsrunden for 2023 fordelast saman med den auka løyvinga.

Det vil seie at kvar frivilligsentral får ei tilleggstildeling på 47 446 kroner.

Vi vil betale ut beløpet innan to veker til kontonummeret kommunen oppgav i søknaden for tilskotet. Beløpet til den enkelte kommune er basert på tal frivilligsentralar som fekk tilskot for driftsåret 2023. Kommunen skal så raskt som mogleg overføre heile tilleggstildelinga til dei aktuelle frivilligsentralane. Sjå vårt vedtak til kommunen datert 3. februar 2023 for informasjon om kva sentralar det gjeld. De finn også oversikta over frivilligsentralane på nettsidene våre: [Tilskotsordning for frivilligsentralar - Lottstift](#).

Med helsing

Oddbjørn Bugge
seniorrådgivarIngalill Lien Kristiansen
rådgivar